

## Innspel frå Nynorsksenteret til leselyststrategien

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) vil gjerne få komme med nokre innspel i samband med den nye leselyststrategien som skal lagast. Hovudoppdraget til Nynorsksenteret er å hjelpe lærarar til å bli gode nynorskoplærarar. Dermed synest vi at vi har viktige innspel i dette arbeidet. Vi tar utgangspunkt i dei fem formulerte spørsmåla.

Det viktigaste innspelet vårt er at nynorsk må løftast fram i leselyststrategien. Språklova som kom i fjor slår fast at norsk skal vere det samfunnsberande språket i Noreg, og at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukta av dei to norske skriftspråka. Det er viktig at leselyststrategien også bidreg til dette.

### 1. Kva meiner du/dokker er dei tre største utfordringane knytt til lesing og leselyst?

- a) **Finne rett lesestoff til rett lesar.** Skolen er den viktigaste arenaen for å arbeide med lesing og leselyst. Vi erfarer at det er vanskeleg for lærarar å orientere seg i haugen av nye bøker og aktuelle tekstar som finst. Det er viktig at lærarane er oppdaterte og kan vere hjelparar i å finne fram til bøker som kan høve akkurat for sine elevar. Lærarane må vite kva bøker som kan passe til kvar enkelt elev, og dette er særleg viktig for dei elevane som slit med lesing. Det er av ulike grunnar lett å ty til tekstar/bøker som får mykje omtale eller noko ein har lese frå før. Vi veit at mange elevar slit med konsentrasjonen, og derfor må det dei les treffe elevane så godt at dei klarer å lese samanhengande ei stund. Derfor må det setjast av tid nok og ro nok til å finne denne gleda på skolen. Leselyst oppstår ikkje av seg sjølv. Elevane treng hjelp til å finne leselysta. Både leselyst og uthald kan lærast. Det er også viktig at dei vaksne er lesande førebilete.
- b) **Nok tilfang.** For mange lesarar skaper overgangen frå barnetrinn til ungdomsskole eit tomrom. Bokslukaralderen er over, og det er kanskje ikkje like kult å lese mykje lenger. Kanskje har dei lese det dei synest er aktuelt av barne- og ungdomsbøker, men er for unge til å ta fatt på vaksenbøkene. Dei har lese dei bøkene dei var interesserte i, og les heller bøkene dei kjenner og likar ein gong til. Konkurransen med det digitale blir også større. Derfor trengst det større mengder av både fysiske bøker og lydbøker dei synest er kjekke å lese, og det er særleg viktig å prioritere bøker på nynorsk og dei samiske språka. Innkjøpsordningane må vere innretta for å stimulere til fleire utgjevingar av barne- og ungdomsbøker på nynorsk i alle sjangrar.
- c) **Skolen må prioritere lesing.** Lesing og leselyst heng også saman med sosiokulturelle forhold og tilgangen til bøker. Skolen er staden som har moglegheit til å utjamne desse skilnadane. Derfor trengst der meir forankring i dei overordna planane og ei retning for kva som skal skje i klasserommet. Slik kan det bli eit godt grunnlag for ein lesande fellesskap. Korleis kan ein som lærar skape ein kultur for lesing? Korleis kan ein best jobbe med lesing gjennom heile skolegangen?

### 1. Kva vil vere dei tre viktigaste målgruppene for strategien?

- a) Det er i barnehagen og grunnskolen det første - og største - grunnlaget for ferdighetene i lesing og skriving blir lagt. Derfor bør ein leselyststrategi i hovudsak vere retta mot barn og ungdom, nærmare bestemt barnehagane og grunnskulen. Nynorsksenteret meiner det kan vere lurt å prioritere 8. klasse. Mange elevar opplever ein dritt i lesinga i overgangen til ungdomstrinnet. Samstundes kan denne overgangen vere eit høve til å starte på nytt. Det er viktig at elevane blir møtt med haldninga om at her på ungdomsskolen les vi. Det blir

poengtert gong på gong at gutar ikkje les, og kanskje har dette blitt ein sjølvoppfyllande profeti. Derfor er det viktig at denne kulturen for lesing blir jobba ekstra godt med i ungdomsskolen.

- a) Grunnlaget for ein god kultur for lesing blir lagt på barnetrinnet, særleg i 5.–7. klasse. Då har elevane knekt lesekoden, og det er mengdelesing som gjeld. Då burde det vere sjølvsagt at elevane har nok tilfang på hovudmålet sitt. Det finst ei bok for alle elevar, men dei treng gjerne hjelp til å finne denne boka.
- b) Lærarane må vere gode førebilete som lesarar. Læraren må vise at læraren les, og at han/hon gler seg over bøker og litteratur. Læraren kan grunngje kvifor lesing er viktig, og framheve at lesing kan gje nye interesser og først etter meir kunnskap. Læraren kan også vise at lesing kan gje innsikt i kva det vil seie å vere menneske på ulike stadar til ulike tider. Lærarane må også få inspirasjon og rettleiing i korleis dei kan vere gode leselærarar.

## **2. Kva bør dei tre viktigaste tiltaka i strategien vere?**

- a) God tilgang til ulike bøker og tekstar er ein føresetnad for å kunne bli ein interessert og aktiv lesar. Derfor bør alle elevar ha ein lovfesta rett til eit godt skolebibliotek som er lett tilgjengeleg og ope. Det må ha ei innbydande utforming, ein engasjert bibliotekar og ikkje minst nye bøker! Gamle bøker kan ryddast bort. Då kan det hende at ungane og ungdommane synest at biblioteket er ein attraktiv stad å vere. Alle klasser bør ha faste bibliotektimar i løpet av veka. Det er også viktig at klassane har faste lesetider jamleg. Dessutan må det vere nok tilgang på nynorskbøker for alle, fleire eksemplarar av kvar bok og særleg tydeleg formidling av nynorske bøker.
- b) Det trengst også gode klassesett-ordningar der skolar lett kan få lånt inn eit klassesett. Litteratur må vere lett tilgjengeleg, det må vere mykje å velje i og variert litteratur som kjennest interessant for alle elevar. Ofte ser ein hjelpeause elevar på biblioteket som vandrar mållaust rundt på leiting etter bøker. Til slutt endar dei kanskje opp med ei lita, tynn bok, berekna på yngre born enn dei sjølve. Engasjerte lesarar kan finne glede i eit stort mangfold av litteratur, medan meir umotiverte og uerfarne lesarar treng litteratur dei kan relatere seg til. Det må vere svært lett for elevane å skaffe seg lånekort på folkebiblioteket i skolereggi, gjerne oppsökande verksemd på skolane. Ikke alle elevar har foreldre som tar dei med til folkebiblioteket.
- c) Leseaksjonar er viktige tiltak. Foreningen les! engasjerer mange klassar kvart einaste år og gjer ein uvurderleg jobb for lesing. Kvart klassesteg bør ha ein leseaksjon eller ein intensiv leseperiode kvart år. Leseaksjonar kan brukast til å få fleire til å lese nynorsk, uavhengig av hovudmål. Leseaksjonen Tid for til er eit godt døme på det, og liknande leseaksjonar bør rettast mot fleire klassesteg enn det gjer i dag. Det også viktig å minne om at alle lærarar er leselærarar, og at ikkje alt ansvar for lesing berre fell på norsklæraren.

## **3. Har dokker gode eksempel på kva som bidrar til leselyst?**

- a) Høgtlesing bidrar til at alle elevar har den same tilgangen til litteraturen. Høgtlesing gjer det lett å stoppe opp og undre seg over teksten i lag. Slik kan læraren modellere kva ein engasjert lesar gjer når ein les. Det å lage seg eigne bilete av det som skjer, eller å dikte vidare på det som skjer, er handlingar som ein engasjert lesar gjer, men som mindre erfarte lesarar treng opplæring i. Høgtlesing er med på å bygge ein kultur for lesing og opplevning, og må halde fram både i ungdomsskolen og i vidaregåande. Då har alle elevar tilgang til den same teksten, og dette er eit godt utgangspunkt for å kunne samtale om litteratur. Samanhengen mellom det å like å lese, å identifisere seg som ein lesar og å ha gode leseferdigheiter er velkjent.

- b) Det treng ikkje alltid vere definerte oppgåver til det elevane les. Det er viktig å ha ulike inngangar til lesing. Ikkje alt fenger alle elevar. Lesing er også oppleving og avslapping. Dermed kan vi utvikle ein fellesskap som les, uavhengig av elevanes nivå og smak. Vi les i lag, vi diskuterer bøker i lag, og vi lyttar til litteratur i lag. Og elevane får høve til å hevde meiningsane sine og ha medverknad i litterære samtalar. Dette er å ta den lesande eleven på alvor.
- c) Lage sosiale samkomer i regi av skolen der lesing er ein viktig, felles aktivitet. Døme på dette kan vere diktettermiddag, bokbadning, litteraturløype eller lesevake.
- d) Vise fram idol og influensarar som markerer seg som lesarar og lesande førebilete, gjerne unge menn. Det er stor stas å få forfattarbesøk, uansett kvar i landet ein bur.
- e) Ein bør unngå stereotypiar som «gutar les ikkje» eller at «alle» likar fotballbøker eller fantasy. Det må vere opning for at ein kan lese alle sjangrar, sakprosa, teikneseriar eller avisar. Det må ikkje vere ein motsetnad mellom lesing på t.d. nettbrett og lesing på papir. Dei litterære opplevingane må stå i sentrum, ikkje kvar ein les dei.

#### **4. Er det andre viktige område vi må hugse på?**

- Det må vere gode, spennande, fengande og interessante bøker til alle. Det er svært viktig at slike bøker finst, også for dei elevane som ikkje høyrer til i bokmålsmajoriteten, men bruker nynorsk eller eit av dei samiske språka.
- Leselystaksjonar skal ikkje føre til at elevane blir drukna i bokmål.
- Det trengst støtteordningar for lengre bokseriar på nynorsk og dei samiske språka, og det trengst mykje meir omsett litteratur. Då får ein fram det litterære mangfaldet.
- Bibliotek og bokhandlar må formidle nynorsk litteratur på ein slik måte at han vert lettare tilgjengeleg for brukarar og kundar.
- Formidling av litteratur på mindretalsspråka må tematiserast i bibliotekarutdanninga.
- Dei elevane som har nynorsk som opplæringsspråk i grunnskolen, møter i dag fleire hinder i lese- og skriveopplæringa si enn det bokmålselevane gjer, og det kan stå i vegen for leselysta. Å sikre at opplæringa faktisk går føre seg på nynorsk for dei elevane som har dette som sitt skriftspråk, er ein viktig føresetnad for å lukkast med å skape leselyst.